



Arkivnr: 2014/13262-1
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		19.03.2014
Fylkesutvalet		27.03.2014

Studentrabatt - enkeltbilletter over 7 soner

Samandrag

I budsjettet for 2014 vart det blant anna lagt opp til ein felles rabatt ved sal av enkeltbilletter, inklusiv grupperabatt, på 17%, samt at studentrabatt på enkeltbilletter fell bort (berre rabatt for 7 soner eller meir). Fylkesutvalet 19.02.2014 ber om ny sak knytt til studentrabatt og enkeltbilletter.

I budsjettet for 2014 vart det lagt opp til å fjerna ordninga med eigen studentrabatt for 7 soner eller meir frå 1. februar. Grunnen til ønskje om fjerning var behov for å gjere det enklare slik at fleire skal kjøpe billett før ein stig om bord. Erfaring viser at rabattar som er knytt til reiselengde er vanskeleg å formidle på ein enkel måte i sjølvbetente brukargrensesnitt slik at kunden forstår kva billett som skal veljast og også forstår prisen som kjem fram på billetten.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet innfører ikkje studentrabatt på enkeltbilletter over 7 soner på nytt, men rår til at det vert gjort kjend at studentar og andre vaksne kan nytte Skysskortet og betale med reise pengar (KontantSkyss) for alle enkeltbilletter og på denne måten få 17 % rabatt på billetten uavhengig av reiselengde. Det same gjeld for billett-appen (område for eins takst) når betaling vert trekt frå mobilkonto.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.03.2014

Bakgrunn

I budsjettet for 2014 vart det lagt opp til følgjande for rabattar enkeltbilletter, gjeldande frå 01.02.2014:

Ein felles rabatt ved sal av enkeltbilletter, inklusiv grupperabatt, på 17%

- Grupperabatt gjeld for grupper på 10 personar eller fleire
- Familierabatt gjeld for vaksne med eit barn – ikkje for honnør med eit barn
- Studentrabatt på enkeltbilletter fell bort (p.t. for 7 soner eller meir)

I fylkesutvalet 19.02.2014 ber Mona Hellesnes om at det vert lagt fram sak om problemstillinga knytt til studentrabatt til neste møte i fylkesutvalet. Fylkesordføraren stadfesta at det vil kome ny sak.

Studentrabatt enkeltreiser

Fram til 1. februar 2014 var det ein eigen studentrabatt på enkeltreiser:

- Studentar/lærlingar/elevlar t.o.m. 32 år som reiser gjennom minst 7 soner fekk 23 % rabatt på ordinær pris (enkeltbillett)

Same rabatt (23 %) var også tilgjengeleg for alle vaksne (over 16 år) på enkeltreiser for alle reiselengder dersom ein nytta Skysskortet og betalte billetten med reisepengar (KontantSkyss).

I budsjettet for 2014 vart det lagt opp til å fjerna ordninga med eigen studentrabatt for 7 soner eller meir frå 1. februar. Grunnen til ønskje om fjerning var:

- Det er innført fleire nye måtar å kjøpe billetter på (mobil og fleire billettautomatar) der kunden sjølv handterer kjøpet. For å kunne gjere det enklare å bruke dei nye kanalane for billettkjøp så har det vore behov for å forenkle slik at kunden lettare kan orientere seg og forstå dei ulike typane billetter med tilhøyrande rabattar når kunden kjøper billett sjølv. Vi ønskjer at fleire skal kjøpe billett før ein stig ombord, og ser at det å gjere det enkelt å både velje riktig billett og å betale for denne er viktig.
- Rabattar som er knytt til reiselengde er vanskeleg å formidle på ein enkel måte i sjølvbetente brukargrensesnitt slik at kunden forstår kva billett som skal veljast og også forstår prisen som kjem fram på billetten.
- Det er gjennom ulike nasjonale arbeid (blant anna Handbok 206 - rettleiing elektronisk billettering) ønskje/føringar om større harmonisering nasjonalt knytt til elementa som gir pris på ein kollektivbillett. Ingen andre fylke i Noreg har studentrabatt knytt til reiselengde, og ingen av dei andre store fylka har studentrabatt knytt til enkeltreiser.

Frå 1. februar 2014 vart også den generelle rabatten redusert frå 23% til 17%. Årsaka til denne endringa var å få eit meir rett relativt prisnivå mellom rabatterte enkeltbilletter og periodebilletter slik at pris pr. reise for periodebillett vert lågare enn pris pr. reise med rabatterte enkeltbillett. Rabattsatsen på 17% er no kopla til følgjande:

- Rabatt ved kjøp av enkeltreiser vaksen når ein nyttar Skysskortet og betalar billetten med reisepengar (KontantSkyss) eller betaling vert trekt frå mobilkonto i billett-appen
- FleksiSkyss vaksen (kjøp 12 enkeltbilletter – betal for 10)
- Grupperabatt enkeltreiser (over 10 personar)

Bruk av studentrabatt enkeltreiser

I 2013 vart det seld om lag 22.000 enkeltbilletter med reiselengde over 7 soner og studentrabatt.

Billettinntektene frå desse reisene var om lag 2 MNOK (rabatt trekt frå). For enkeltbillettane med studentrabatt var om lag 50% reiser under 11 soner og om lag 85 % under 15 soner. Dersom vi innfører studentrabatten for enkeltreiser over 7 soner på nytt vil dette gje eit årleg inntektstap på om lag kr 415.000 (eks mva). Det er her lagt til grunn at den generelle rabattsatsen på 17 % vert nytta.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Det generelle prisnivået er eit av fleire verkemiddel for å styre etterspurnad etter kollektivreiser. Ulikt prisnivå på ulike typar billetter er igjen eit verkemiddel for å styre etterspurnad til ulike typar billetter og betalingsmåtar. Billetter med fleire reiser, som til dømes periodebilletten, gir kunden den aller enklaste

reisa. Slike billetter har også lågast kostnad for Skyss og dei mest trufaste kundane. Vi ønskjer derfor ein relativ prisskilnad mellom ulike billetter som stimulerer til kjøp av billetter med fleire reiser.

Det å gjere det enkelt å velje riktig billett og å betale for denne er også eit verkemiddel for å få fleire til å reise kollektivt. Vi har eit komplisert utval av billetter, rabattar og kanalar for sal i dag, og det går føre seg eit arbeid med forenkling av sonestrukturen i Hordaland. Ein enklare sonestruktur vil mellom anna gjere det mogleg å utvide løysingane som no er tilgjengelege i sone Bergen, til dømes mobilbilletten, til heile fylket. Endringar i tal soner som følgje av ein enklare sonestruktur vil påverke eventuelle rabattar som er knytt til soner/reiselengde.

Studentar og andre vaksne kan få den generelle rabatten på 17 % på enkeltreiser for alle reiselengder dersom ein nyttar Skysskortet og betalar billetten med reise pengar (KontantSkyss). Innanfor Sone Bergen (område for eins takst) får ein også same rabatt ved å nytta billett-appen når betaling vert trekt frå mobilkonto. Skysskortet er gratis, og mange studentar i Hordaland nyttar allereie Skysskortet for daglege reiser til og frå studiestaden der studentar får 40 % rabatt på periodebilletter. Fylkesrådmannen rår til at studentrabatten for enkeltreiser over 7 soner ikkje vert gjeninnført, men at studentar blir gjort merksame på at rabatten vil vere tilgjengeleg ved å nytte Skysskortet og reise pengar (KontantSkyss) som betalingsmåte når studenten skal foreta enkeltreiser med reiselengder over 7 soner.